

KONTRAKT FOR MEIROPE BIBLIOTEK



Velkommen som brukar av Moa bibliotek sitt meirope tilbod! Denne kontrakten gir deg over 16 år tilgang til biblioteket utanom bemanna opningstid, frå kl. 09.00-10.00 om morgonen, og etter stenging fram til 22.00 om kvelden kvar einaste dag (nesten) heile året! For å nytte det meirope tilbodet må du alltid registrere deg med bibliotek kortet før du går inn i lokala.

Biblioteket er eit offentleg rom og felles eigeendom som skal vere til glede og nytte for alle. Ved å oppgradere bibliotek kortet til tilgangskort for meirope bibliotek er det nokre enkle reglar du forpliktar deg til å overhalde:

- Vis omsyn til andre.
- Rydd opp etter deg.
- Hald ro og orden.
- Alle over 18 år må ha eige, oppgradert bibliotek kort. Foreldre/føresette kan ta med seg barn under 18 år. Barn kan ikkje vere igjen i meiropen tid. Ungdom mellom 16 og 18 år kan også få meiropen tilgang, då må føresette signere på kontrakten.
- Kontrakten og bibliotek kortet er personleg og det er berre du som kan bruke kortet som tilgangskort. Du er ansvarleg for korleis kortet ditt vert brukt. Du har heller ikkje høve til å sleppe andre inn i biblioteket. Alle må sjølv logge seg inn. Brot på dette vilkåret kan resultere i at ein mistar retten til bruk av meirope bibliotek.
- Overhalde gjeldande lånereglement.
- Forlat lokalet ved brannalarm. Dør mot aust er rømmingsveg.

Når du loggar deg inn i det meirope biblioteket, så vil det bli registrert at du er der. Hærverk vil bli meldt til politiet. Du vil bli stilt økonomisk ansvarleg for eventuelle øydeleggingar. Opphald i meirope bibliotek skjer på eige ansvar.

Sjå meir informasjon på www.alesund.folkebibl.no

Eg har lese kontrakten og akseptert vilkåra.

Dato: _____

Namn med blokkbokstavar: _____

Signatur: _____

Ev. signatur føresett: _____

Lånenummer: _____ (fyllast ut av biblioteket)